



Erstad & Lekven Utbygging AS
Paradisalléen 8
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7672 - 15/27830

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om igangsettingsløyve 10.08.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn dokumentasjon som syner at vilkår nr. 17 i rammeløyvet datert 09.07.2015 er stetta:
«Ei føresetnad for løyve er at Lindås og Meland brannvern godkjenner avkjørsle for brannkjøretøy. Dersom Lindås og Meland brannvern har tilleggsvilkår for etablering av avkjørsle, skal disse også gjelde.»
2. Det må sendast inn ny situasjonsplan som viser at kravet til svingradius i avkøyrsla for brannbilar er stetta, jf. vilkår nr. 13 i rammeløyvet:
«Svingradius i avkjørsle skal være minimum $r = 6m$ (krav frå Lindås og Meland brannvern.»
Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at svingradiusen skal vere påført frå den vestlege kanten av fortauet og inn, altså heilt frå vegbanen.
3. På situasjonsplanen som sendast inn må det visast at dei fem avkøyrslane ut frå rekkehuset **til kant veg på eigen side** har påført frisiktliner. Som tidlegare opplyst i e-post frå oss til Dag Dalland 19.05.2015 satte vi kravet til frisiktliner til minimum 2 x 20 m:

«(...) vi vil kunne godta siktlinjekrav frå avkøyrslane til rekkehusa med **2 x 20 meter** til kant veg. Dette er minimum frisiktzone for avkøyrslane til privat veg.»



Vi ber om at situasjonsplanen som vert sendt inn syner at dette kravet vert stetta.

4. Vi vil også informere om opplysning gitt i rammeløyyvet under avsnittet «Til informasjon»:

«Vi vil gjere merksam på at Lindås og Meland brannvern (LMBR) har opplyst om at brannbil ikkje kjem inn eller ut av den interne brannavkøyrsla som er plassert rett nord for f_LEIK 1 slik svingen er utforma no.»

Dette kjem inn under vilkår nr. 17 i rammeløyyvet og punkt 1 i dette brevet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert **sendt inn samla innan 17.09.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NGIB v/brannsjef i Lindås kommune Ikenberget 16 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Erstad & Lekven Utbygging AS Paradisallèen 8 5232 PARADIS